



# Undervegs-evaluering med Bergen kommune

Som ein del av undervegs-evalueringa til Fylkesmannen gjennomførte vi eit eige møte med Bergen kommune onsdag 17. juni. Dette notatet er oppsummering av tilbakemeldingane i møtet, og ei oversikt over den vidare oppfølginga av tilbakemeldingane.

## Generelle erfaringar knytt til eigen handteringsevne

Pandemien har vore krevjande. Kommunen hadde tidvis mykje personell i karantene, noko som var med på å skape utfordringar. Kommunen opplever at organisasjonen var godt budd til å handtere hendinga. Det har vore jobba proaktivt med moglege hendingar slik at kommunen var mest mogleg budd då pandemien kom.

Alle byrådsavdelingane agerte raskt og dei tilsette har vore løysningsorienterte. Det vart gjennomført hyppige møter i kriseleiinga. Det vart òg gjennomført eigne møter med tillitsvalde og verneombod.

Kommunen har opplevd at informasjonsarbeidet ut mot befolkningar har gått bra, og at dei har hatt eit godt samarbeid med eksterne aktørar - både offentlege og private.

Like før pandemien braut ut fekk kommunen på plass ei formalisert samfunnsmedisinsk vaktordning. Denne vaktordninga har hatt stor verdi under pandemien.

Eit oppfølgingspunkt som kommunen har avdekt gjennom handteringa så langt, er at det er eit behov for å sjå på kvar i organisasjonen kommuneoverlegefunksjonen er plassert. Plasseringa er med på å leggje føringar for korleis funksjonen vert brukt i ei krise.

Kommunen trekk fram at det kom opp viktige problemstillingar i prosessen rundt smitteutbrotet ved Metodisthjemmet og tilsynet til Fylkesmannen. Kommunen ber om at Fylkesmannen inviterer til eit møte for å diskutere desse problemstillingane for å lære av denne prosessen.

## Dialog mellom Fylkesmannen og Bergen kommune

Kommunen opplever at samarbeidet med Fylkesmannen har vore godt. Dei har høge forventningar til Fylkesmannen, og opplever at Fylkesmannen innfridde desse.

Bergen kommune er nøgde med at det vert oppretta eit eige møte mellom kommunen og Fylkesmannen. Kommunen har hatt nytte av å delta i telefonmøta med dei andre kommunane for å få informasjon, men ettersom Bergen kommune er annleis enn dei andre kommunane er det naudsynt med ei direkte linje mot Fylkesmannen.

I tillegg til dei felles møtepunktta mellom kommunane og Fylkesmannen, har det vore ein gode direkte kontakt over telefon.

Avstanden mellom kommunen og Fylkesmannen har vore kort fordi vi kjenner kvarandre godt og viser at nettverk er viktig i beredskapssituasjonar.



## Bergen kommune si rolle i fylkesberedskapsrådet

Under pandemien har Bergen kommune delteke i dei to møta som har vore i fylkesberedskapsrådet, i tillegg til eit par sær møte knytt til handtering av konkrete problemstillingar.

Kommunen opplever at deira rolle i fylkesberedskapsrådet er litt uavklart, og ber om ei avklaring om kva type rolle Fylkesmannen meiner kommunen skal ha i rådet (ein hovudaktør eller ein lyttepost i møta). Kommunen meiner sjølv at dei er ein svært viktig aktør i alle regionale hendingar, og at dei må ha ei sentral rolle i rådet for å optimalisere beredskapsevna i regionen.

## Samarbeid mellom Helse Bergen og Bergen kommune

Kommunen har opplevd samarbeidet med spesialisthelsetenesta som veldig godt. Det vart tidleg oppretta ei liaisonordning mellom Helse Bergen og Bergen kommune, slik at dei hadde liaison i kvar sin kriseleing. Det har òg vore samarbeid på tenestenivå og mellom statistikkmiljøa i dei to verksemdene.

Kommunen har delteke i samarbeidsutvalet mellom helseføretaket og kommunane som i pandemien særleg har omfatta samarbeidsavtale 11. Grappa er prega av at det er éin stor kommune og mange små, men kommunen opplever det som ei verdifull gruppe der det har kome viktige avklaringar. Den har oppretta fleire undergrupper etter kvart som behov oppstod (personell, utstyr).

Kommunen meiner at fordelingsnøkkelen for smittevernutstyr (70/20/10) burde ha vore revidert, fordi primærhelsetenesta fekk største utfordringane knytt til handteringa av pandemien. Samstundes har kommunen opplevd at Helse Bergen har vore på tilbodssida, noko som har vore med på å betre situasjonen. Kommunen har hatt behov for å supplere utstyr. Utstyret dei har klart å få tak i har vore veldig mykje dyrare enn vanleg, noko som har gitt kommunen ei betydeleg utgift.

## Bergen kommune si rolle overfor andre kommunar i fylket

Bergen kommune ønskjer å vere ein ressurs for dei andre kommunane i regionen, og bidreg gjerne overfor dei andre kommunane når det er naudsynt. Kommunen er oppteken av å jobbe saman med kommunane og bygge felles ressursar. Gjennom arbeidet med «Samfunnssikkerhetens hus» ønsker dei å få med nabokommunane inn i eit slikt samarbeid. Kommunen meiner at Fylkesmannen har ei viktig rolle i arbeidet med å få til eit godt samarbeid mellom kommunane, og oppmodar Fylkesmannen om å framsnakke initiativet og sjølv nytta og bidra inn i dei regionale kapasitetane «Samfunnssikkerhetens hus» etablerer.

Kommunen har diskutert utfordringane knytt til at innbyggjarar i Bergen reiser ut til hytter, feriehus eller liknande i kommunane rundt og korleis det kan overbelaste helsetenestene i små kommunar.

## Tenesteleveranse innan helse, omsorg, sosial og barnevern

Kommunen seier at dei har gitt forsvarlege tenester innanfor dei gitte rammene, men at desse naturleg nok ikkje har kunne vore av same omfang og kvalitet som ved ordinær drift i alle tenestene.

Etterspurnaden etter mange tenester gjekk kraftig ned. I periodar var den truleg lågare enn behovet. Kommunen har ikkje fanga opp dramatiske konsekvensar av dette, og har i liten grad fått negative



tilbakemeldingar frå brukarar og pårørande. For personar med psykiske lidingar er det identifisert enkelte utfordringar.

Kommunen opplever at det etter at ein har starta med gjenopning av tenesta, har blitt sendt ut signal frå styresmaktene som gir høge forventningar til nivået på tenestene. Ettersom kommunen framleis står i ein beredskapssituasjon, er det framleis ikkje mogleg å halde det same nivået på tenestene som ved normal drift. Viss tenestene skal halde det same nivået, sjølv om det er avgrensa med ressursar, vil ikkje dei tilsette halde ut. Det er viktig at nasjonale styresmakter her avstemmer krava mot situasjonen kommunane står i.

### Koordinering av nasjonale tiltak

Kommunen opplever at dei nasjonale styresmakter har vore for lite koordinert i handteringa av pandemien. Dette har skapt unødige utfordringar på lokalt nivå. Det har til dømes vore tilfelle der statsrådar har sagt at ein vil opne for ulike aktivitetar, samstundes som gjeldande forskrift ikkje opnar for det. Det vart og opplevd at det var ei manglande koordinering mellom Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet i samband med stenging og opning av skulane. Kommunen har òg opplevd ei manglande koordinering mellom Politidirektoratet og Vest politidistrikt. Kommunen forstår at det er ein krevjande krise å handtere, men saknar ein betre struktur som sikrar naudsynt koordinering mellom sektorane og mellom ulike nivå i forvaltninga.

### Vegen vidare

Fylkesmannen tek initiativ til eit møte med Bergen kommune om læringspunkt frå prosessen rundt smitteutbrotet ved Metodisthjemmet.

Bergen kommune vil etter sommarferien ta initiativ til eit møte med Fylkesmannen, for å mellom anna diskutere kommunen si rolle i fylkesberedskapsrådet.

I den vidare handteringa, og ved andre større hendingar, bør det vurderast om det er bør opprettast fast, direkte kontakt mellom Fylkesmannen og Bergen kommune for å sikre ein god dialog om dei utfordringane som er særigne for Bergen. Den av aktørane som først opplever at slik direkte kontakt er naudsynt tek kontakt med den andre.

Fylkesmannen vil dele dette notatet med nasjonale styresmakter som eit innspel til evalueringa av handteringa av pandemien.